

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

FEBRUAR 2007.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til  
              Hareid IL  
              6060 Hareid  
President: Hans Gisle Holstad  
Visepres.: Åge Nytun  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres.: Arve R. Røyset  
Styremedlem: Johan Ole Brandal  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Ansv. red.: Sverre Bjåstad  
Referent: Aud Grimstad

## Fødselsdagar i februar:

Ågot Riise	05.02
Jan Håvard Nytun	16.02
Sigurd Bigset	21.02

Ta vare på  
den du har kjær  
Er du alles venn  
er du ingen nær

Ta vare på  
de nære gleder  
Er du over alt  
er du ingen steder

*Anders Helseth*

## 100% frammøte februar:

Terje Dalsøren, Håkon Eidsvik, Aud Grimstad,  
Sigbjørn Haddal, Johs Hareide, Liv Hilde  
Jøssok, Jan Håvard Nytun, Åge Nytun  
Arve Røyset, John Stennes, Håkon Brekke,  
Svein Johs Flø, Arne Grimstad, Otto Holstad  
Walther Jensen, Jarle Klungsøyr, Hans Otto  
Rise

Frammøte i jan.: 79,1%

## **Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb februar 2007.**

*Referent: Aud Grimstad*

### **Møte 5. februar.**

Denne kvelden var Rotary på bedriftsbesøk hos Ekornes, Hareid. Frammøtet var godt og vi vart møtt av Rolf Årseth og Ronny Nipen, som førte oss opp til pauserommet for arbeidarane. Her var det dekka fint bord for oss, og vi vart servert kaffi og sveler.

Rolf Årseth fortalte, medan Ronny Nipen styrte videokanon med presentasjon av det Ekornes står for. Innleiinga var krydra med flotte naturbilde frå Vestlandet før vi fekk ”sjå frå foto albumet” til bedrifta si fyrste tid.



Rolf kunne fortelje at Ekornes starta på Hareid i 1996. Bedrifta hadde i fjar ei omsetning på ca 2 milliardar kroner. Flott teknologi som er i bruk, der alt ”går på skinner”, gjer at kvar arbeidar kan arbeide i sitt eige tempo. Dette minskar stresset. Likevel er fråveret ganske stort, fortel han, då spesielt i fjerde kvartal. Han fortel også at det er lite av fråveret som er arbeidsrelatert. Arbeidarane jobbar på akkord med ei grunnløn på kr 85.- pr time.

Etter kaffi og videoframvising, fekk vi omvisning i fabrikken. Det var fascinerande å sjå kor automatisert systemet var og kor godt det var lagt til rette for arbeidarane.

Presidenten takka for gjestfriheta med å overrekke ei plante.



### **Møte 12. februar.**

Arne Grimstad valte ”Mellom bakkar og berg” til allsong, som han meinte måtte passe bra til dagens program.

Denne dagen hadde vi besøk av Sigbjørn Rossbakk Røren, som tok oss med på ein fantastisk tur til Grønland. Han fortalte at han starta si yrkeskarriere med ein Grønlandstur da han var konfirmert, men har i mange år no arbeidd med sjøforsikring. Filmen som han viste vart ei 8 timer lang historie som var kalla ”Nord-aust Grønland 2006 – ei eventyrreise”. Utdraget som vi såg, varte i ca 25 min, og var ei oppleving å sjå. S.R.Røren har vore ein Polarentusiast og vart inspirert som gut av bøker han hadde lese. Bl.a. ”Klondike Bill” av Helge Ingstad, som

han er stor ”fan” av. Det var berre to av dei som var med på turen som hadde lite sjøerfaring. Jon Giæver og Svein Karlsbakk.


Han som sto for planlegging og tilrettelegging av turen var brandølingen og veslebror til S.Røren, Ole Kristen Røren. Båten bar namnet MINNA og skipper på turen var Audun Gården. Dei gjekk frå Hareid ein augustdag i 2006 om lag 75 år etter at Noreg freista å gjere Eirik Raudes land til Norsk territorium. (S.R.R. meinte og at denne hendinga var lite redreleg og eigentleg ein skamplatt for den Norske regjeringa). Vi fekk sjå fantastiske fjell- og is formasjonar, dyreliv og fauna. Ein tur eg trur dei fleste av oss kunne tenkt oss å oppleve. Det var så langt eg kunne sjå, ein tur der dei hadde mykje fint ver. Berre tilbaketuren, då dei kom ut i ope hav var det litt ruskever der båten og mannskapet fekk ”bryne” seg litt. Eg må seie at då eg såg sjøen som slo mot rorhuset, og båten braut mot bårene, kom eg i hug då eg sjølv var på sjøen i slikt ver. Sjøsjuka tok meg den gongen, men vi hørde ikkje korleis det sto til med Grønlandsfararane på denne turen.

Vi takkar for at Sigbjørn Rossbakk Røren ville dele denne opplevinga med oss. Kanskje er det nokon av oss som fyl oppfordringa han kom med? Han sa: *”Tid er noko som kjem heile tida, men vi veit ikkje kor lenge vi har den”*. Derfor oppfordra han pensjonistar som hadde tid til å gjere det dei hadde lyst til: – gjer det no.

#### **Møte 19. februar.**

Vi opna møtet med songen ”At far min kunne gjera” før Johs Hareide kom med oppmoding til dei som enno ikkje hadde betalt rekefesten og turen til Colorline fotballstadion, skulle gjere det. Han ville gjerne ha inn krava frå denne lista før han la ut ny liste med nye krav.

Åge Nytun, vikarierande president for H. G. Holstad som hadde vinterferie, ga så ordet til Liv-Hilde Holstad Jøssok som hadde ego foredrag denne dagen. Ho fortalte at ho var fødd i Megata 15.09.43. Foreldra var Njørd Holstad og Johanne Brandal Holstad.



Ho byrja tidleg å ta del i arbeidet til foreldra, som dreiv slaktar – og kolonialbutikk på Ytre Hareid, og tok i 1962 handelsskule i Oslo etter folkehøgskule og husmorskule i Ørsta. Ho jobba så i butikken til foreldra til ho vart gift i 1968. Ho fekk fyrste barnet hausten 1968, ei jente som fekk namnet Wenche Johanne. Samstundes fekk dei vite at mor hennar hadde fått kreft. Ho døyde sommaren 1969 og

mykje av ansvaret for faren og heimane fall på henne.

Då broren, Bjørn, tok over butikken trekte Liv-Hilde seg ut av arbeidet og ho fekk barn nr 2, Vidar i 1971. Dette barnet var fødd med hjartefeil og vart operert i 1978. Han var ein tøff gut og trenar seg opp til å bli ein habil innan idrett. Liv-Hilde har vidare arbeidd som heimehjelp og butikkhjelp hos fargehandel Flø & Flø før ho overtok gåve/kosmetikkbutikken Stil & Pryd. Denne dreiv ho nokre år før ho gjekk i kompaniskap med Harald Hasund og dreiv kosmetikk avdelinga i butikken hans nokre år. Etter mange år med butikkarbeid vart det klart for henne at ho ville gjere noko anna. Ho byrja då i 1989 på Grunnkurs helse og sosial på Herøy vidaregåande skule, for så å reise til Kristiansand og ta fotterapeututdanning.

Etter å ha arbeidd med dette nokre år etablerte ho seg med fotklinikk i dei gamle butikklokala i Megata. Ho var komen ”tilbake til starten”. Her har ho ein funksjonell og grei arbeidsplass.

Denne historia tykkjer eg fortel oss at det har vore mange tunge tak opp gjennom åra, men ho har likevel klart seg godt. Lykke til vidare Liv-Hilde. ☺

**Møte 26. februar.**

Møtet vart opna med ”Å Vestland, Vestland”, og til glede for mange vart det servert mormonen til kaffien.

Hans Gisle informerte så om ei pengeinnsamling som er sett i gang til innsamling for å få laga ei byste av tidlegare ”Paul Harris” medlem Johan H Grimstad.

Einar Holm, som er ein av initiativpersonane saman med Per Holstad og Egil Utgård , kom så på talarstolen og fortalte meir detaljert kva tankar som ligg bak dette. Johan H har vore ein aktiv kulturskapar i kommunen og dei meiner derfor at dette bør vere eit folkeengasjement. Dei skreiv til kommunen og hadde to forslag til plassering av bysten. Det er no starta ei innsamling med kr 150 000 som mål.

Stavseng, ein kunstnar i Norddal kommune, er valt ut til å lage bysten. Initiativtakarane kjem til å gå ut til alle bedrifter, kor og lag med bønn om eit pengebidrag. Rotary tok førespurnaden på strak arm og starta innsamlinga med ein gong.

John Stennes fortalte at Ingrid Holstad som er utvekslingsstudenten vår, no er klarert for utreise til Australia. Men først må ho, saman med foreldra sine, reise til Oslo for ”utreisebreafing” 9. juli.

Det er strenge kriterie for dette med utveksling av elevar. Det vert halde kurs for rådgivarar, vertskap og andre som er involverte. Studenten skal ha to kontaktar utanom Rotary.

Ingar og Karin Holstad, foreldra til Ingrid, er også klarerte som versts familie for den studenten som kjem hit.